



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2021 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 959 254 893  
Organisasjonsform: Samvirkeforetak  
Foretaksnavn: AUSTEVOLL KRAFTLAG SA  
Forretningsadresse: Solesvika 136  
5396 VESTRE VINNESVÅG

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2021 - 31.12.2021

### Konsern

Mørselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Ja

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Hege Lauvik  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 30.06.2022

### Grunnlag for avgivelse

År 2021: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2020: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2021

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 25.07.2023



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salgsinntekt	1, 2	7 290 732	5 508 704
Annen driftsinntekt	1	21 049 604	19 072 582
<b>Sum inntekter</b>		<b>28 340 335</b>	<b>24 581 286</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad		14 025	23 313
Lønnskostnad	5	18 195 788	16 540 595
Avskrivning på driftsmidler	3	890 550	1 158 348
Annen driftskostnad		9 160 999	6 362 058
<b>Sum kostnader</b>		<b>28 261 361</b>	<b>24 084 314</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>78 974</b>	<b>496 971</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Inntekt på investering i datterselskap	9, 12		4 068 390
Anna renteinntekt		68 944	98 774
Annen finansinntekt	12	357 593	1 525 256
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>426 537</b>	<b>5 692 421</b>
Annan rentekostnad		811 671	1 125 763
Annen finanskostnad	12	121 687	211 423
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>933 359</b>	<b>1 337 186</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-506 822</b>	<b>4 355 235</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>-427 847</b>	<b>4 852 206</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	4	111 345	-6 658 756
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>-539 192</b>	<b>11 510 962</b>
<b>Årsresultat</b>	7	<b>-539 192</b>	<b>11 510 962</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-539 192</b>	<b>11 510 962</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>-539 192</b>	<b>11 510 962</b>



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Avsatt til annen egenkapital			11 510 962
Overført fra annen egenkapital		-539 192	
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>	<b>7</b>	<b>-539 192</b>	<b>11 510 962</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	3, 8	19 844 596	20 438 848
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr,	3, 8	1 515 939	614 360
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>21 360 535</b>	<b>21 053 208</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	10	159 890 844	159 890 844
Investeringar i aksjer og andeler	10	1 279 277	1 612 490
Andre langsiktige fordringer		888 022	1 038 786
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>162 058 144</b>	<b>162 542 121</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>183 418 679</b>	<b>183 595 328</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Kundefordringer		1 470 670	1 677 798
Andre kortsiktige fordringer		9 944 921	4 742 061
Konsernkrav		37 852 233	32 946 746
<b>Sum krav</b>		<b>49 267 824</b>	<b>39 366 605</b>
<b>Investeringar</b>			
Markedsbaserte obligasjoner	10	16 869 335	16 511 542
<b>Sum investeringar</b>		<b>16 869 335</b>	<b>16 511 542</b>
<b>Bankinnskott, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	11	6 944 916	6 422 565
<b>Sum bankinnskott, kontantar og liknande</b>		<b>6 944 916</b>	<b>6 422 565</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>73 082 075</b>	<b>62 300 712</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>256 500 753</b>	<b>245 896 040</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital	6, 7	3 180 000	3 198 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>3 180 000</b>	<b>3 198 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annen egenkapital	7	171 404 910	171 944 102
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>171 404 910</b>	<b>171 944 102</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>174 584 910</b>	<b>175 142 102</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	5	5 405 449	7 339 847
Utsett skatt		266 493	356 683
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>5 671 942</b>	<b>7 696 530</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8	43 100 000	46 500 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>43 100 000</b>	<b>46 500 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>48 771 942</b>	<b>54 196 530</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	9	23 093 645	3 761 364
Betalbar skatt	4	201 535	229 779
Skattetrekk og andre trekk		7 002 265	8 954 089
Annen kortsiktig gjeld	8	2 846 457	3 612 176
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>33 143 901</b>	<b>16 557 408</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>81 915 843</b>	<b>70 753 938</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>256 500 753</b>	<b>245 896 040</b>



### Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salgsinntekt	1, 2	156 013 992	110 072 034
Annen driftsinntekt	1	4 811 259	5 145 676
<b>Sum inntekter</b>		<b>160 825 251</b>	<b>115 217 710</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad		87 985 308	39 976 299
Lønnskostnad	5	44 942 923	35 678 003
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	9 198 181	9 496 520
Annen driftskostnad	5	17 478 647	17 361 078
<b>Sum kostnader</b>	1	<b>159 605 059</b>	<b>102 511 899</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>1 220 192</b>	<b>12 705 810</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		279 890	277 846
Annen finansinntekt		379 452	777 955
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>659 342</b>	<b>1 055 802</b>
Annan rentekostnad		1 041 880	1 163 942
Annen finanskostnad		333 156	267 916
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1 375 037</b>	<b>1 431 858</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-715 695</b>	<b>-376 056</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>504 497</b>	<b>12 329 754</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	4	326 395	-4 584 924
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>178 102</b>	<b>16 914 678</b>
<b>Årsresultat</b>	7	<b>178 102</b>	<b>16 914 678</b>
Minoritetsinteresser	7	198 152	371 961
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>-20 050</b>	<b>16 542 717</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>-20 050</b>	<b>16 542 717</b>



## Konsernets resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Ordinært utbytte			242 511
Avsatt til annen egenkapital	7	178 102	16 672 167
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>178 102</b>	<b>16 914 678</b>



## Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	4	5 335 916	5 226 767
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>5 335 916</b>	<b>5 226 767</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	3	68 146 021	67 435 901
Maskiner og anlegg	3	93 178 059	89 851 904
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	3	3 940 583	2 662 020
<b>Sum varige driftsmiddel</b>	8	<b>165 264 663</b>	<b>159 949 826</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap		30 000	30 000
Lån til tilknytt selskap og felles kontrollert verksemd		850 972	1 038 786
Investeringar i aksjer og andeler	9, 10	1 279 277	1 612 490
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>	8	<b>2 160 249</b>	<b>2 681 276</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>172 760 829</b>	<b>167 857 869</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>	8	<b>10 694 872</b>	<b>8 524 935</b>
<b>Krav</b>			
Kundefordringer	8, 9	40 013 609	29 561 490
Andre kortsiktige fordringer	8, 9	20 359 741	10 066 851
<b>Sum krav</b>	8	<b>60 373 349</b>	<b>39 628 342</b>
<b>Investeringar</b>			
Markedsbaserte obligasjoner	10	16 869 335	16 511 542
<b>Sum investeringar</b>	8	<b>16 869 335</b>	<b>16 511 542</b>
<b>Bankinnskott, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	11	27 785 259	31 643 776
<b>Sum bankinnskott, kontantar og liknande</b>		<b>27 785 259</b>	<b>31 643 776</b>



### Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2021	2020
Sum omløpsmiddel		115 722 816	96 308 595
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>288 483 644</b>	<b>264 166 464</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital	6	3 180 000	3 198 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>3 180 000</b>	<b>3 198 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annen egenkapital	7	177 770 221	177 790 271
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>177 770 221</b>	<b>177 790 271</b>
Minoritetsinteresser	7	1 746 274	1 548 122
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>182 696 495</b>	<b>182 536 393</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	5	5 405 449	7 339 847
Utsett skatt		1 796	11 086
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>5 407 245</b>	<b>7 350 933</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8	43 100 000	46 500 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>43 100 000</b>	<b>46 500 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>48 507 245</b>	<b>53 850 933</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld	9	25 905 435	6 810 325
Betalbar skatt	4	444 834	673 740
Skyldig offentlige avgifter		11 472 053	13 122 515
Utbytte			242 511
Annen kortsiktig gjeld	2	19 457 582	6 930 048



## Konsernets balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Sum kortsiktig gjeld		57 279 904	27 779 139
Sum gjeld		105 787 149	81 630 072
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>288 483 644</b>	<b>264 166 464</b>



BDO AS  
Inger Bang Lunds vei 4  
5059 Bergen

## Melding frå uavhengig revisor

Til generalforsamlinga i Austevoll Kraftlag SA

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til Austevoll Kraftlag SA.

#### Årsrekneskapen består av:

- Selskapsrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret som er avslutta per denne datoen og notar, inklusive eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp
- Konsernrekneskapen, som består av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap, oppstilling over kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, inklusive eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

#### Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav
- Gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2021, og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge
- Gir konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet Austevoll Kraftlag SA si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet, slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inklusive dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga og annan informasjon i årsrapporten, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg



feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

## Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeida oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

## Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for nødvendig internkontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om forhold av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

## Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:  
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Charlotte Bårdsen  
statsautorisert revisor  
(elektronisk signert)



# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Charlotte Bårdsen

Statsautorisert revisor

På vegne av: BDO AS

Serienummer: 9578-5998-4-997632

IP: 188.95.xxx.xxx

2022-06-24 12:16:29 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: TMSXL-BP2UF-S504Y-3PLK2-B5AFW-Y3MPG

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?


Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



## Electronic signature

<p>Signed by</p> <p><b>Østervold, Olav</b></p> <p> bankID</p>	<p><i>Date and time (UTC-01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna</i></p> <p>23.06.2022 14.18.55</p> <p><i>Date of birth</i></p> <p>1966-06-27</p> <p><i>Signature method</i></p> <p>Norwegian BankID</p>
<p>Signed by</p> <p><b>Halstensen, Hans</b></p> <p> bankID</p>	<p><i>Date and time (UTC-01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna</i></p> <p>23.06.2022 14.22.21</p> <p><i>Date of birth</i></p> <p>1948-07-05</p> <p><i>Signature method</i></p> <p>Norwegian BankID</p>
<p>Signed by</p> <p><b>Ringdal, Grethe Drønen</b></p> <p> bankID</p>	<p><i>Date and time (UTC-01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna</i></p> <p>23.06.2022 14.22.40</p> <p><i>Date of birth</i></p> <p>1955-10-04</p> <p><i>Signature method</i></p> <p>Norwegian BankID</p>
<p>Signed by</p> <p><b>Ek, Renate Hvidevoll</b></p> <p> bankID</p>	<p><i>Date and time (UTC-01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna</i></p> <p>23.06.2022 14.27.34</p> <p><i>Date of birth</i></p> <p>1977-11-19</p> <p><i>Signature method</i></p> <p>Norwegian BankID</p>
<p>Signed by</p> <p><b>Singelstad, Håvard</b></p> <p> bankID</p>	<p><i>Date and time (UTC-01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna</i></p> <p>23.06.2022 14.29.19</p> <p><i>Date of birth</i></p> <p>1980-08-12</p> <p><i>Signature method</i></p> <p>Norwegian BankID</p>
<p>Signed by</p> <p><b>Nilsen, Frank Tore</b></p> <p> bankID</p>	<p><i>Date and time (UTC-01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna</i></p> <p>23.06.2022 14.35.32</p> <p><i>Date of birth</i></p> <p>1963-07-30</p> <p><i>Signature method</i></p> <p>Norwegian BankID</p>



This document is signed electronically.

The electronic signature is legally binding. This page is added to provide basic information about the electronic signature(s), and the signed document can be read on the following page(s). Attached is also a PDF with more detailed information about the electronic signature(s), and also an XML file with the contents of the signature(s). The attachments can be used to verify the electronic signature(s) if needed.



# 2021

## Årsmelding



*«Vi skal bidra til berekraftig utvikling i Austevoll»*



**Austevoll Kraftlag SA** er eit infrastrukturselskap som gjennom sine verksemder skal bidra til berekraftig utvikling i Austevoll kommune. «Kraftlaget» er organisert som eit kundeeigd samvirkelag som bygger og drifter infrastruktur og leverer tenester innanfor straum, tele- og datakommunikasjon, vassforsyning og avlaup.

Austevoll Kraftlag vart stifta 25 mars 1946 som eit kundeeigd partlag. Pr 31.12.2021 hadde laget 3180 partar - ein nedgong på 18 partar i løpet av 2021. Nedgangen skuldast partar som er løyst inn grunna bortgang, sal og innløysing som resultat av at ein ikkje oppfyller krava til å vera parteigar i selskapet.

Gjennom eit breitt tilbod av framtidretta produkt og tenester med høg kvalitet, er vi med og legg grunnlaget for ei moderne og framtidretta utvikling i Austevoll. På denne måten medverkar vi til at Austevoll er ein attraktiv kommune å bu og etablera seg i - både for private og næringsliv.

Austevoll Kraftlag SA er organisert som eit konsern.

## Helse, Miljø, og Sikkerheit

Nøkkeltal 31.12	Mål 2021	2021	2020	2019
Sjukefråvær	2%			
Herav Kortidsfråvær. inntil 16 <lager		1,16	2,45	2,2
Herav langtidsfråvær. over 16 <lager		3,26	2,97	2,6
Total Sjukefråvær		2,21	2,71	2,4

Austevoll Kraftlag SA hadde eit sjukefråvær på 2,21% i 2021, som er 0,5% ned i forhold til 2020. Kortidsfråvær 2021 var på 1,16% og langtidsfråværet 2021 var på 3,26%. Selskapet har generelt lavt sjukefråvær, sjukefråværet har hatt ein nedgang frå 2,71% 2020 til 2,21 % 2021.

Eit godt og sikkert arbeidsmiljø er kjernen for arbeidet som blir gjort i Austevoll Kraftlag, og skal prioriterast. Vi fokuserer på førebyggjande arbeid og kontinuerleg forbetring. Innrapportering av uønska hendingar var eitt av to fokus-områder i 2021. Denne innrapporteringa er viktig informasjon slik at vi kan setja inn førebyggjande tiltak for å nå ønska nullvisjon. Det andre fokusområde for 2021 var å sikre bruk av personleg verneutstyr. Her ser vi forbetringar, og det er fortsatt eit fokus område for selskapet i 2022. Totalt vart det rapportert 5 avvik-/forbetrimeldingar.

Austevoll Kraftlag er eit lokalt samvirkelag som jobbar for å være ein viktig lokal aktør for å fremme vekst, berekraft, tillit og positivt omdømme i lokalmiljøet.



## Havnett AS

Havnett AS eig og driv eit omfattande distribusjonsnett for straum i Austevoll. Dette består av 98 km høgspenlinjer, 372 km lågspenlinjer, 48 km høgspenkablar jord. 11 km høgspenkablar sjø, 2 km lågspenkablar sjø og 201 km lågspenkablar jord. Totalt vart det i 2021 transportert 118 GWh til 4635 kundar i dette nettet.

Dei økonomiske resultatane for Havnett AS er i stor grad avhengig av myndighetene sine reguleringsregime for inntektsramme samt kostnadsutvikling i selskapet. I 2021 vart det omsett for 50,5 mnok og eit årsunderskot var på 0,5 mnok. Underskotet skuldast historisk høge straumprisar, som påverkar spesielt kostnaden på nettap og kostnader på overliggande nett. I tillegg hadde selskapet ekstraordinære kostnader i samband med omorganisering og oppgradering til nye digitale verktøy.

Tilsette er på vakt 24 timar kvar dag heile året for å sikre rask feilretting og stabil straumleveranse i øyriket. Leveringssikkerheit var i 2021 på 99,99%.

## Austevoll Kraftlag AS

Austevoll Kraftlag AS er kraftomsetningsselskapet. Omsetninga var 49 mnok i 2021 og vi leverer straum til 75% av kundane i Austevoll.

Det er mange faktorar som påverkar kraftmarknaden i Noreg. Som vi har merka særskilt godt no i haust og i vinter, marknaden kan svinge mykje, avhengig av faktorar som nedbør, sol og vind. Kullprisar samt pris på gass og olje vil også påverke straumprisane. Hausten 2021 har vore prega av svært høge straumprisar. Vi hadde ein mild haust med eit lågare straumforbruk enn venta. Samstundes kom det lite nedbør, som resulterte i mindre magasin gjennom sommar og haust. Dette ga ein ressursituasjon under normalen og historisk høge spotprisar.

Prisane på straum kan endre seg mykje og raskt. Mens prisane var historisk høge gjennom hausten 2021, forventar vi at prisen skulle gå ned att til sommaren 2022, det ser ikkje ut til å skje.

Austevoll Kraftlag AS tilbyr tre ulike straumprodukt der kundane sjølv kan avgjere korleis ein vil sikre seg mot svingingar i marknaden:

- Kraft til innkjøpspris (spotpris + innkjøpskostnad)
- Garantikraft (spotpris med sikring mot store svingingar + innkjøpskostnad)
- Fastpris


Rundt 90% av privatkundane har garantikraft. Dette har vore eit godt produkt for kundane våre i 2021, men for selskapet vart det då underskot i fleire av månadene der garantikraft taket slo inn. Garantikraft produktet vart sikra i hovudsak 1 år av gangen, men det vart gjort endringar ved behov om det er naudsynt.



## Austevoll Breiband AS

Austevoll Breiband AS eig og driv fibernettet i Austevoll. Det er bortimot full fiberdekning i kommunen, samstundes som kommunen har eit trådlaust nett - Trådlause Austevoll.

Som grafen under viser, har trafikken i fibernettet vore kraftig aukande dei siste åra, og ikkje minst i 2021 der mange sat på heimekontor i samband med Covid-19.



Fibernettet har vore stabilt gjennom heile 2021 med ei oppetid på 99,99%.

Austevoll Breiband AS hadde i 2021 ein omsetning på 19,4 mnok, og eit overskot på 0,7 mnok.

## Austevoll Vatn og Avløp SA

Austevoll Vatn og Avløp SA er ikkje ein del av konsernet Austevoll Kraftlag SA, men har ein driftsavtale med Austevoll Kraftlag SA. Dei tilsette som arbeider i tilknytning til driftsavtalen som laget er tilsett i Austevoll Kraftlag SA. Driftsavtalen omfattar drift, vedlikehald og utbygging av vatn- og avløpsanlegga i kommunen. Austevoll Vatn og Avløp SA er på linje med Austevoll Kraftlag SA eit kundeeigdsamvirkeleg.

## Ebru Technologies AS

Ebru Technologies AS er 75,75% eigd av Austevoll Kraftlag SA. Ebru er totalleverandør av IT-drift. Med kontor og datasenter i Austevoll og avdelingskontor i Bergen leverer verksemda komplette IT-tenester til verksemdar i Hordaland og nettsky-tenester til verksemdar over heile landet.

Ebru Technologies AS hadde i 2021 ein omsetning på 34,4 mnok og eit overskot på 1 mnok .



## Styret si melding for Austevoll Kraftlag SA

### Konsernet Austevoll Kraftlag SA

Styret si melding for 2021 omfattar konsernet Austevoll Kraftlag SA inklusive dotterselskapet Ebru Technologies AS med forretningskontor i Austevoll.

### Styret

Styret for Austevoll Kraftlag SA består av 5 medlemmer som er vald av årsmøtet, der ein er utpeika av dei tilsette. Årsmøte vart halde 3.juni 2021. Styret har i 2021 hatt 19 møter og handsama 64 saker.

### Styresamansetning

Styreleiar:	Olav O. Østervold
Nestleiar:	Grethe Drønen Ringdal
Styremedlem:	Hans Halstensen
Styremedlem:	Renate Hvidevøll Ek
Styremedlem:	Frank Tore Nilsen
1. varamedlem:	Liv Bente Storebø
2. varamedlem:	Ivar Helge Melingen



## Organisasjon

I 2021 fekk konsernet ny dagleg leiar, Håvard Singelstad. Håvard Singelstad har lang og brei erfaring frå kraftbransjen. Han kjem frå stillinga som fungerande seksjonsleiar i Haugaland Kraft Nett AS og inngår i leiargruppa i selskapet. Før det var han everksjef i Fitjar Kraftlag SA, og han har hatt fleire stillingar i SKL konsernet. Han er utdanna sivilingeniør innan elektrisk energiteknikk frå NTNU.

Energibransjen er i kontinuerleg utvikling. Det er auka konkurranse, strukturendringar, skjerpa rammevilkår frå myndigheiten, høge straumprisar og uforutsigbarhet i kraftmarknaden.

Utviklinga framover vil krevje at styret i Austevoll Kraftlag SA kontinuerleg legg vekt på forbetningsarbeid for å sikre at selskapet fortset å levere gode og framtidsretta produkt og at økonomien i selskapet er tilfredsstillande.

Nøkkelfaktorar vil fortsatt være god og effektiv drift, nærleik til heimemarknaden og ein organisasjon med evne og vilje til omstilling. Det er viktig å utvikle eksisterande kerneområde enten i eigen regi, eller saman med naturlege samarbeidspartnarar.

Austevoll Kraftlag SA skal være ein drivkraft til berekraftig utvikling av Austevoll-samfunnet, og utbygging av infrastruktur skal være hovudoppgåve for selskapet. Selskapet utarbeider ein ny strategiplan for selskapet som skal være ferdig i desember 2022 med fokus på alle dei forretningsområda.

I 2021 var det 34 fast tilsette i konsernet. Vi hadde i 2 lærlingar som begge avla fagprøvar. Begge bestod fagprøvene sine.

Styret vil takka alle tilsette for innsats og samarbeid gjennom året.

## Likestilling

9 av dei tilsette (26,9%) og 2 i styret (40%) er kvinner. Austevoll Kraftlag praktiserer likestilling mellom kjønna, og styret ser det ikkje som naudsynt å gjennomføre spesielle tiltak for å fremja likestilling i verksemda.

## Pensjonsordning

Austevoll Kraftlag har innskotspensjonsordning for sine tilsette i Storebrand gjennom NHO Pensjon.

## Helse miljø og sikkerheit

Austevoll Kraftlag er medlem av bedriftshelsetenesta i Volvat. Vi arbeider kontinuerleg for å styrkja helse, miljø og tryggleiksarbeidet. Dei tilsette bidrar til at vi har eit godt arbeidsmiljø. Det har ikkje vore alvorlege arbeidskadar i 2021.

Austevoll Kraftlag skal være ein aktiv bidragsytar til det grøne skiftet, og er pådrivar for å leggje til rette for elektrifisering innanfor mellom anna oppdrett og transportsektoren. Ved fomying av eigen bilpark, skal el-bilar prioriterast dersom det er praktisk mogeleg.

Vi legg stor vekt på å ikkje ureina det ytre miljøet og har ikkje miljømessige pålegg som ikkje er utført. Bedrifta har i 2021 ikkje hatt utslepp som forureinar det ytre miljø, men eit tilfelle av skade på natur/brann i ein ekstremt tørr periode. Tilfellet er grundig evaluert, og evalueringa resulterte i endra arbeidsrutinar i forhold til arbeid med utstyr som kan utvikla varme/gnister. Alle tilsette med behov har etter hendinga gjennomført fornya kurs i varme arbeider.



## Om drifta og vidare utvikling

### *Havnett AS*

Havnett AS har i 2021 hatt eit stabilt år utan store driftsavbrot. Til ei kvar tid er det aktivitet i 4-5 nye utbyggingsprosjekt, samstundes som like mange prosjekt er under utvikling.

Kraftbransjen er nøkkelen til det grøne skiftet, og elektrifiseringa av samfunnet krev stadig meir energi. Ferjesambanda til Austevoll er elektrifisert, fiskeoppdrettsnæringa er i ferd med å bli elektrifisert og vi har stadige førespurnader om framføring av energi til ulike prosjekt. Statnett har varsla restriksjonar på framtidige store effektuttak fram til ny framføring er klar i 2026. Førebels er det ingen konkrete utbyggingsprosjekt i Austevoll som vert råka av restriksjonane.

Havnett AS har heile Austevoll kommune som sitt konsesjonsområde, og hadde ved årsskifte nettkundar 4635.

Totalt vart det transportert 118 GWh over distribusjonsnettet vårt i 2021 samanlikna med 118 GWh i 2020. Overføringstap er den delen av krafta som går tapt under transporten fram til sluttbrukar. I 2021 utgjorde dette 7 GWh, tilsvarande 5,9 % av krafta som kjem inn på nettet i Austevoll. Vi har intensivert arbeidet med å redusere overføringstapet i Havnett AS og ser at vi både i 2020 og 2021 har hatt effekt av dette arbeidet. Reduksjon av overføringstap er fortsett eit høgt prioritert område.

For å leggje til rette for effektiv utnytting av straumnettet, vart det i 2020 gjennomført ein omfattande analyse av høgspennetnettet med fokus på lasthandtering og spenningskvalitet. Det har vi hatt god nytte av i 2021 og fortset med å utvide denne investeringa. Det er også investert store ressursar i digitalisering av overvaking og styring av straumnettet i Austevoll.

### *Arbeidsoppdrag av ein viss storleik i 2021*

Gjennom året har det vore fokus på anleggsbidragsprosjekt, oppgradering HS og LS, generelt vedlikehald.

I 2021 vart det utført ca. 900 arbeidsordrer.

- Toppbefaring av HS luft.
- Befaring / inspeksjon av HS, LS og NS.
- Utbedring av funn etter befaring / inspeksjonar.
- Linjerydding av skog langs høgspenn og lågspenn traseer
- Jordfeilvarsling i nettstasjonar.
- SCADA utbygging
- Utbedring av skade på fjordspennet til Bakholmen (vart revet ned av båt under slep)
- Oppgradering av trafo kapasitet pga. last auke diverse stadar.
- Ny NS Tobbholmane
- Ny NS Stanganeset
- Ny NS Handelsbygg på Eidsbøen
- Ny NS Knester
- Reinvestering NS Kolbeinshavn
- Reinvestering deler HS luft trase på Litlakalsøy
- Tilkobling av nye anlegg
- Vedlikehald av vegljøs



**Det lokale eltilsyn (DLE)** har som oppgåve å redusera talet på skader, ulykker og brannar som skuldast feil ved elektriske anlegg i vårt forsyningsområde. Denne oppgåva er pålagt oss frå Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB), og som gjennom årlege rammebrev gjev oss retningslinjer for korleis arbeidet skal utførast. Hovudarbeidet ligg her i kontrollar hos kvar kunde. Det vert også ført tilsyn med internkontrollsystemet hos elektroinstallatørane i kommunen.

Til saman var det i 2021 kontrollert 269 installasjonar fordelt på bustadar, industri og offentlege bygg .

### ***Austevoll Breiband AS***

Austevoll Breiband AS har i 2021 hatt ei jamn auke i talet på kundar og hadde ved utgangen av året 2541 aktive privatkundar, ei auke på 130 nye kundar. Bedriftsmarknaden er stabil med rundt 113 sambandsleveransar.

Drift har vore stabil gjennom heile 2021 utan store avbrot. Kapasiteten har vore tilstrekkeleg, og vi ser at trafikken i fibernettet fortsatt aukar, som igjen utløyser større behov for kapasitet inn til Austevoll som vist i graf.

Fibernetet i Austevoll er robust og gjennom den oppgraderinga som er gjort i fibernetet klarer vi å handtere framtidig forventa auke i trafikk.

### ***Austevoll Kraftlag AS***

Austevoll Kraftlag AS er kraftomsetningsselskapet i konsernet. Det er mange faktorar som påverkar kraftmarknaden i Noreg, men gjennom felles innkjøp av kraft saman med 32 andre kraftselskap, sikrar vi kundane i Austevoll kraft til gunstige vilkår. Ikkje minst har det vore god tryggleik for kundane at det er prisgaranti i året som gjekk, og i 2022.

## **Risiko**

### ***Marknadsrisiko***

Konsernet si verksemd er fordelt på nettverksemd, kraftsal, fibertenester og IT-tenester. Nettverksemda er underlagt monopol frå NVE i konsesjonsområdet og har låg risiko. Kraftsal er prega av høg konkurranse. Risiko knytt til svingingar i kraftprisane er avgrensa då kjøp og sal primært er basert på spotprisar i den same marknaden, og at store svingingar i marknaden kan sikrast gjennom avtaler.

Fiber- og IT-tenester har låge svingingar i pris. Høg kvalitet på utbygd fibernett og stabil kundemasse gjer at marknadsrisikoen er låg.

### ***Kreditrisiko***

Konsernet er lite eksponert for motpartane si evne til å oppfylle sine forplikingar då fordringsmassen er fordelt på mange kundar og det har historisk vore lite tap på fordringar.

### ***Likviditetsrisiko***

Konsernet er eksponert for risiko knytt til endring i rentenivået og straumpris. Vi reduserer risikoen med fast rente på delar av konsernet si gjeld og investeringar i obligasjonar. Konsernet sin likviditetsrisiko er vurdert som middels samanlikna med 2020 der likviditetsrisikoen var vurdert som lav.



## **Endra rammevilkår**

Energibransjen er i stor endring med omfattande endringar i rammevilkår. Tilpassing til endra rammevilkår vil være ein stor utfordring for styret og administrasjon i tida framover.

## **Styreansvarsforsikring**

Selskapet har forsikring for styret sine medlemmar og dagleg leiar for det personlege erstatningsansvar for formuesskade som dei kan pådra seg i samband med utøving av sine verv (styre- og leiaransvar). Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit forsikringsselskap med solid rating.

## **Hendingar etter balansedagen**

### **Covid-19 pandemien**

Etter meir enn to år med Covid-19, har pandemien fortsatt stor innverknad på næringslivet både i Noreg og i verda rundt oss. I Austevoll Kraftlag SA har drifta i denne perioden vore relativ normal. Det har utvikla seg større usikkerheit i forhold til tilgang på arbeidskraft både i og utanfor verksemda, tilgang på produkt og tenester er blitt meir uføreseieleg, spesielt har leveransetid og kostnader på produkt generelt auka. Me implementerer difor nye bestillingsrutinar og auka fokus på bestilling av kritiske produkt på eit tidlegare stadiet enn tidigare. Dette i seg sjølv gjev meir kapital i lager og vil kunna pressa likviditeten på sikt.

### **Krigen i Ukraina**

Inflasjonspress på prisar grunna krigen ser vi på mange råvarer, og produkt til Europa og Noreg. Spesielt gassprisar har auka betydeleg og dette har lagt eit kraftig press på straumprisane. Det vil truleg bli eit langsiktig press på straumprisen då Europa legg opp til ein reduksjon av gassimport av frå Russland frametter som samanfalle med ein transaksjon av energisystema i Europa til fornybar energiproduksjon. Behovet for energi totalt vil også auka i denne perioden grunna det grøne skiftet og storskala elektrifisering.

### **Auka straumprisar**

Auka straumprisar påverkar likviditet og risikobildet for konsernet. Behovet for god økonomisk styring vert viktig i åra framover. Marknaden er uføreseieleg, og det vert enda viktigare med fleksibilitet og oversikt over risiko til ei kvar tid. Selskapet har som eit resultat oftare møter med kraftforvalter med presentasjon av prognoser og marknad situasjonen til ei kvar tid. I tillegg har administrasjonen auka fokus på kraft marknaden og prisutvikling og arbeider konkret med å utvikle forbedra prognosar for selskapet.

## **OM ÅRSREKNESKAPEN**

Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og god rekneskapskikk. Rekneskapen er satt opp under føresetnad av fortsett drift. Styret meiner at årsrekneskapen gjer eit rettvisst bilete av selskapet sine egedelar og gjeld og av selskapets finansielle stilling og resultat.

Etter det styret kjenner til har det heller ikkje vore tilhøve etter regnskapsårets utgang som har betydning for selskapet sin stilling og resultat.

Rekneskapen for morselskapet viser at selskapet hadde ei omsetning på 28,3 mnok i 2021 mot 24,6 mnok i 2020. Auken i omsetning skuldast i hovudsak auka aktivitet i konsernet, digitalisering og omorganisering. Sum driftskostnader er på 28,3 mnok i 2021 dette er opp frå 24,1 mnok i 2020.

Personal kostnader er på 18,2 mnok 2021 mot 16,5 mnok i 2020. Auken skuldast i hovudsak omorganisering av selskapet og lønsauke 2021.

Årets avskrivningar er på 0,9 mnok som er 0,3 mnok lågare enn i 2020. Driftsresultat i 2021 var på 0,01 mnok som er ned frå 0,5 mnok i 2020. Driftsresultat i 2021 er påverka som omtalt over både av historisk



høge strau prisar, omorganisering og ein påbegynt digitaliseringsprosess av konsernet påbegynt i 2021.

Netto finanskostnader er negativ 0,5 mnok som er ned frå positiv 4,4 mnok i 2020. Selskapet har ikkje motteke konsernbidrag frå dotterselskap i 2021 mot 4 mnok i 2020 og utbytte frå Ebru Technologies på 0,8 mnok i 2020. I 2021 selde selskapet aksjar i selskapet My Production.

Morselskapet har ein kontantstrau frå drift på 5 mnok i 2021 mot 5,7 mnok i 2020. Dette er ein nedgang på 0,7 mnok. 2021 var eit år med fleire ekstraordinære resultatpostar, dette grunna spesielt høge strau prisar som gjer utslag både i kundekrav, fordringar, varer og leverandørgjeld.

Kontantstrau frå investeringsaktivitetar utgjorde i 2021 negativ 1 mnok mot positiv 0,9 mnok i 2020. Endringa skuldast investering i nye digitale verktøy som del av pålagt omorganisering frå NVE samt generell oppgradering for selskapet.

Kontantstrau frå finansieringsaktivitetar utgjorde i 2020 negativt 3,5 mnok, og består av betaling av betaling av ordinære avdrag på bankgjeld og utbetaling av partar som medfører endring i partskapital.

Netto endring i kontantar 2021 var på 0,5 mnok og reflekterer at det fortsatt er kapitalkrevjande å svara opp på selskapet sin ambisjon om å gje innbyggjarane i Austevoll konkurransedyktige leveransar av kraft, datakommunikasjon, og andre tilhøyrande tenester, men at dei tiltaka ein har gjort og fortsatt har fokus på har riktig og positiv effekt på selskapet.

Morselskapet går ut av året 2021 med ei kontantbeholdning på 6,9 mnok. Selskapet har ei langsiktig renteberande gjeld på 43,1 mnok og ei netto renteberande gjeld på 19,3 mnok. Netto renteberande gjeld er langsiktig gjeld til finansinstitusjonar minus kontantbeholdning og marknadsbaserte rentepapir.

Styret i Austevoll Kraftlag SA foreslår at årsresultatet vert overført til annan eigenkapital.

Konsernet inkluderer dotterselskapa Havnett AS, Austevoll Kraftlag SA, Austevoll Breiband AS, og Ebru Technologies.

**Austevoll Kraftlag AS** viser eit driftsresultat på -0,05 mnok.

**Havnett AS** viser eit driftsresultat på -0,2 mnok.

**Austevoll Breiband AS** viser eit driftsresultat på 1,2 mnok.

**Ebru Technologies AS** viser eit driftsresultat på 1 mnok.

Rekneskopen for konsernet viser at selskapet hadde ei omsetning på 160,8 mnok i 2021 mot 115,2 mnok i 2020. Auken i omsetning har sin hovudforklaring i høge prisar i kraftmarknaden samanlikna med 2020.

Sum driftskostnader er i 2021 159,6 mnok, opp frå 102,5 mnok i 2020. Det er spesielt varekostnader og nettap som er auka og har sin forklaring i høgare pris på innkjøpt strau for vidaresal.

Personalkostnader er 44,9 mnok i 2021 mot 35,7 mnok i 2020. Auken har sin forklaring i omorganiseringa selskapet har gått igjennom det siste året, samt mindre investeringsaktivitet enn i 2020. Aktiverte lønskostnader i 2021 utgjer totalt 6,4 mnok mot 9,7 mnok i 2020. Endringa frå 2020 er auka fokus på drift i 2021 og mindre aktivitet på ny og re-investeringar enn i 2020.

Årets avskrivningar i konsernet er på 9,2 mnok som er ned frå 9,5 mnok i 2020. Driftsresultat i 2021 var 1,2 mnok ned frå 12,7 mnok i 2020. Som omtalt over er driftsresultatet i 2021 påverka av høge strau prisar, omorganisering og lågare investeringsaktivitet.

Netto finanskostnader er negativ med 0,7 mnok mot negativ 0,4 mnok i 2020. I 2021 selde konsernet aksjar i selskapet My Production.



Konsernet har i 2021 eit resultat etter skatt på 0,18 mnok, der 0,2 mnok går til minoritetsaksjonærar. Austevoll Kraftlag sin andel av resultatet er dermed negativ 0,02 mnok. I 2020 var resultat etter skatt på 16,9 mnok der 0,4 mnok gjekk til minoritetsaksjonærar. Austevoll Kraftlag SA sin andel av resultat var 16,5 mnok i 2020.

Konsernet har ein kontantstraum frå drift på 14,2 mnok i 2021, dette er ein nedgang frå 22,5 mnok i 2020. Nedgangen kjem frå endring i kundekrav, leverandørgjeld, fordringar, kortsiktig gjeld, skuldig offentlege avgifter og mindreinntekt samanlikna med 2020.

Kontantstraum frå investeringsaktivitetar utgjorde i 2021 negativt 14,4 mnok til samanlikning var denne posten 3,7 mnok i 2020. Grunnen til den store endringa frå 2020 til 2021 er at ein i 2020 hadde innbetaling frå sal av andelar på 18,7 mill, noko ein ikkje har hatt i 2021.

Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar utgjorde i 2021 negativt 3,7 mnok, og består av betaling av ordinære avdrag på bankgjeld, utbetaling av partar som medfører endring i partskapital, og utbetaling av årsmøte beslutta midlar til allmennyttige føremål. I 2020 var denne posten negativ med 3,5 mnok

Netto endring i kontantar i 2021 var negativ med 3,9 mnok og reflekterer at det er særskilt viktig å gjere riktige tiltak framover for å sikre soliditet og effektivitet slik at konsernet klarer å svare opp på sin ambisjon om å gje innbyggjarane i Austevoll konkurransedyktige leveransar av kraft, datakommunikasjon, og andre tilhøyrande tenester.

Konsernet går ut av året 2021 med ei kontantbeholdning på 27,8 mnok. Konsernet har ei langsiktig renteberande gjeld på 43,1 mnok, og ei netto renteberande gjeld positiv 1,6 mnok. Netto renteberande gjeld er langsiktig gjeld til finansinstitusjonar minus kontantbeholdning og marknadsbaserte rentepapir.

## Bekkjarvik 23. juni 2022

Olav O. Østervold  
Styreleiar

Grethe Drønen Ringdal  
Nestleiar

Hans Halstensen  
Styremedlem

Frank T. Nilsen  
Styremedlem

Renate H.Ek  
Styremedlem

Håvard Singelstad  
Dagleg leiar





## Electronic signature

<p>Signed by</p> <p><b>Østervold, Olav</b></p> <p> bankID</p>	<p><i>Date and time (UTC-01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna</i></p> <p>23.06.2022 14.18.03</p> <p><i>Date of birth</i></p> <p>1966-06-27</p> <p><i>Signature method</i></p> <p>Norwegian BankID</p>
